Korleis nytte den digitale kartløysinga

Opne kartet frå Solund kommune sine heimesider. Då starter du med kartet sentrert på Solund og forslag til kommuneplan lasta som kartlag. Zoomer du for langt ut forsvinn kartlaget.

De finn kartet som eige fane øvst på heimesida.



For å få opp menyen for kartlag trykker de på knappen øvst i venstre hjørne



De får då opp ein meny i høgre marg kor de kan skru av å på ulike kartlag. Som utgangspunkt er kartlaga eigedommer og kommuneplan forslag skrudd på. Det kan sjå ut som eit ope auge, medan dei andre kartlaga har lukka auke. Trykk de på eit kartlag blir de skrudd av og på.

Ein zoomar med + og – nede i høgre hjørnet. Har du mus kan du scrolle med musen, og nyttar du touchskjerm kan du zoome med dei fingerbevegelsene du vanligvis nyttar til det.



I tillegg til forlsag til kommuneplan ligg dei ulike omsynssonane som eige kartlag.



Trykkar du på eit område kan du opne kartlagsinformasjonen som heiter Kommuneplan forslag og undermenyen som heiter Arealformål. Då får du opp med skrift kva den aktuelle fargekoden betyr.

